

Omveltande antipatos

***Del likt* er ei samling med sinte, leikande dikt og absurde bilete som får det til å boble i hovudet.**

Av Merete Røsvik Granlund

Brødet og eselet: *Del likt* (Dikt og bildekunst, Oktober 2017, utan sidetal)

Ein gong for lenge, lenge sidan, då eg var ung, kristen og framleis hadde ei lyseblå tiltru til verda, heldt eg meg med favorittbibelord. Éit av dei var: «Kast ditt brød på vatnet; for med tida skal du finna det att.» (Forkynnaren 11,1). Ein person eg siterte det til, meinte at brødet umogeleg kunne vere noko å ete lenger om ein faktisk fann det igjen. Det var kanskje meint som eit vits (i så fall dårleg framført), men episoden kan få stå som døme på kva slags uføre bokstavtru bibeltolkingar kan leie ein ut i. Sjølv hadde eg tolka visdomsordet i retning av: «Ein treng ikkje alltid gjere det trygge og fornuftige, ting ordnar seg alltid» – noko eg på ingen måte levde etter, kanskje bortsett frå at eg, av alle ting, valde å utdanne meg til *litteraturvitar*. Det er boka *Del likt* som har vakt desse assosiasjonane, og det er det mange grunnar til.

Del likt er del av eit større kunstprosjekt av kunstnarduoen Gunnar Wærness og Henrik Skotte, som her går under nemninga *Brødet og eselet*. Det høyrer utan vidare ut som deira dummare alter ego, men både orda «brød» og «esel» samt ei rad motiv i teksten er knytt til kjende bibelhistorier. Tenk på nattverden, eller eselet Jesus reid inn i Jerusalem på Palmesøndag. Les ein framhaldet av mitt tidlegare favorittbibelord, vert det dessutan tydeleg at Forkynnaren og *Brødet og eselet* har omtrent same innstilling til livet: «Del det du har, med sju eller åtte; for du veit ikkje kva for ulukke som kan henda på jorda.»

Bibelsk opprør

Slikt står det altså i denne tradisjonsrike boksamlinga som republikanske kristenkapitalistar over dammen gjerne omtalar som «The Good Book» («'cause it is good, and it's a book», for å sitere den australske, musikalske komikaren Tim Minchin). *Brødet og eselet* grip i *Del likt* fatt i dette revolusjonære potensialet i Bibelen. Dei kommuniserer også på liknande allegorisk vis, men med eit rølpete uttrykk som kan få ein til å tru at dette er humoristisk meint, ikkje kunst som meiner noko om verda på alvor. Det vil i så fall vere ei grov feillesing. Her er eit lite utdrag, så du veit kva eg snakkar om:

(FOLK ASSÅ)

Folk har hørt at det fins lova på jorda som dæm itj sjer, men dæm kan bryt dæm utan at nåkka skjer. Så dæm fortsett å bryt dæm hæppi hæppi hæppi igjen og igjen, og så plutselig bæ-bu-bæ-bu og bu-hu, så sitt dem der.

Derfor fløtte folk opp i trærn (...)

Eg assosierer til naturlover og klimaendringar her, gitt at det lenger nede står at «ekspertan leite etter ainner planeta». Det er éit av mange kritiske perspektiv.

Men sjølv om dette er ei utprega opprørsk bok, hallar eg mot at referansane til religion ikkje først og fremst er kritiske, men i staden peikar på at religion kan gjere dei undertrykte til revolusjonære. Spesielt diktet «(GÅ FRØ)» som startar med ein ordleik over ordet demokrati, refererer til det Jesus sa om såkornet som fell i jorda og dør slik at det kan vekse opp strå med mange nye korn: «skokk oss flokk oss / nøy oss pløy oss / tøy oss lang i sola / kryp vi opp av jorda trang / for å bli te mang mang mang».

Uansett kva haldninga til religionen eigentleg er: Det rølpete uttrykket, med munnlege formuleringar på trønderdialekt, lydmalande ord og svart humor, viser ein vilje til å bryte med konvensjonar som både handlar om leikande kreativitet og rettvis vreide. Det radikale innhaldet får av og til satiriske utslag. Alvoret slår ikkje ut i patos, men i antipatos.

Nidvers og (n)identitet

Duoen *Brødet og eselet* uttrykkjer seg gjennom dei fleste kunstnarlege sjangrar – så langt eg veit med unntak av skulptur- og tekstilkunst. Boka inneheld to tekstbolkar og éin bolk med 59 illustrasjonar som består av foto, teikningar og kollasjar av både teikning, foto og tekst. Materialet er, ifølgje teksten på kolofonsida, også framført som musikal på Teaterhuset Avantgarden i Trondheim i 2013 under tittelen *Vi er motorvei*, medan biletmaterialet er stilt ut under namnet *Identitet* (ikkje sic!) på Trøndelagsutstillinga i 2015. Dermed gir det nesten ikkje mening å snakke om poesi, i så fall er vi i den sjangeroverskridande postpoesien, som ofte er del av eit breiare politisk prosjekt.

Wærness har tidlegare uttrykt ein viss skepsis til konseptet «politisk litteratur», eg innbiller meg at han har (eller ville ha) sagt noko slik som «Politikk e politikk, kunst e kunst». Likevel er denne utgjevinga det mest kapitalismekritiske, skjønnlitterære skriftet eg har lese sidan Øyvind Bergs *Gjennom mørketida* (2014), med titlar som «(TRICKLE DOWN LIKSOM)», eit diktar-vi som identifiserer seg med dei fattige og slitatarane (som eselet) og bilete med påskrifter som «to tomme hender du liksom» og «gjort e gjort – fengsel e fengsel». Og ikkje minst; ei kokande gryte kalla «ulikhet».

Formspråket dreg i same retning: Eg har tidlegare skrive om at poet og filmskapar Pier Paolo Pasolini meinte at musikk, biletkunst og lokale dialektar stod nærmare autentisk og fri handling enn poesien, og at sjangerblanding fungerte som opprør mot det borgarlege (BLA nr. 7/2017). No sit ikkje han med fasiten, men påstanden passar godt på denne boka.

Brødet og eselet forkynner ein radikal solidaritet der skilja mellom «æ» og «du» blir uviktig, noko også bruken av sams pseudonym i staden for kunstnarnamna på omslaget vitnar om. Og sjølv om dei to kunstnarane ikkje er redde for å vise hud både her og der på kroppen, har dei alltid maske på. Det er altså langt frå sentrallyrikk – ikkje kan dikta førast attende til éin diktar, og når det dukkar opp eit diktareg, eit «æ», kan det like gjerne tilhøyre eit esel som eit menneske. Ei av teikningane viser ei rekkje andlet som er bundne saman av muskelvev slik at dei dannar ordet «er», som igjen inngår i teksten «Identitet er oppskrytt» – og i små talebobler står det «nidentitet», som ein kan lese som «nid-entitet». Her dukkar det igjen opp assosiasjonar til Øyvind Berg og leiken hans med eige namn som blir til «verb nidgøy» (sjå til dømes i *Kunngjøring* frå 1992). Berg ei av Wærness sine store inspirasjonskjelder, noko den allegori- eller fabelliknande måten å formulere seg på også vitnar om.

Krisetider

På omslaget står det faktisk at dette er «epos + sanger». Sjangernemninga song viser til at fleire av desse tekstane er framført musikalsk, og no også kjem ut som plate. Eg veit ikkje om nemninga epos viser til tekstane eller bileta – eventuelt begge deler. I Store norske leksikon (på nett) blir eposet definert som «et lengre fortellende dikt i bunden form». Og teksten i *Del likt* har rett som det er både rytme og rim, likevel var det nok ikkje tekstar som dette artikkelforfattar og professor emeritus Hans H. Skei hadde i tankane, elles ville han vel neppa ha kalla eposet «en stivnet, ikke-produktiv sjanger som hører fortiden til» samt «nasjonalt og heroisk».

Slike påstandar er sjølv sagt perfekte for kunstnarar som vil snu opp ned på tradisjonelle førestellingar. Og det kan jo faktisk sjå ut som om ein del av poesien rører seg i retning epos, i alle fall kan ein velje å sjå slik på moderne langdikt som dei Øyvind Rimbereid og Ruth Lillegraven har gjort til folkelesnad. *Brødet og eselet* køyrer ein heilt annan stil, likevel er det tilløp til ei samanhengande historie her. Det er ei historie om eit samfunn i samanbrot, under eller etter ein revolusjon.

Det er snakk om kven som skal vere leiar, og ein tilfeldig fyr, «Han som kunn mest vers i nasjonalsangen og så ok ut i fjeset» blir dressa opp og sett på eit podium framfor folket. Det er snakk om å vere på flukt: «Tæll grensan du passere. En to mang./ Og bekymringan. En to kjempemang.» Pengeøkonomien har kollapsa, og det finst eit miljøperspektiv: «Når jorda sjølv prøve å si Æ, bli det flom, storstorm og ras (...) Men ut av aska væks det et digert grønt Æ.»

Alt i alt er det eit samfunn som er i krise på mange nivå som blir måla fram. Kanskje er det slik at det apokalyptiske perspektivet nærmast tvingar ein i retning av religionen? Eit sentralt motiv er ein busk, som rett som det er tar fyr, med klar referanse til då Gud snakka til Moses gjennom den brennande busken: «den busken som fræse / Brannen som gjør Flokk te Folk». Bruken av bibelske motiv og scenene som vert teikna opp minner om dikta i Wærness si samling *Tungen og tåren* (2013), men desse tekstane spelar mykje meir på rytme og klang, naturleg nok, sidan dei er laga for melodisk framføring.

Mørke stemningar

Bileta utgjer ein tredjedel av boka, og her er variasjonen er stor. Illustrasjonane viser kunstnarane i dei ulike skapnadane som vi møter i dikta; brødet, eselet, busken og fleire andre masker. Ein gjennomgangsfigur er kryssinga mellom mann og fisk. Den kjenner vi frå collage/teikneseriepoesien *Bli verden* (2007) og diktsamlinga *Tungen og tåren*, begge signert Gunnar Wærness. På kolofonsida står det at figuren er ei etterlikning av ein skulptur skapt av kunstnaren Sossa Dede i 1890 i kongeriket Abomey (no Republikken Benin). Den viser ein av skapnadane til den siste kongen i landet, Behanzin. Figuren blir dermed både eit symbol på leiarskap og på at mennesket evolusjonsmessig stammar frå fisken. Som det heiter i diktet «(FISKEN)»: «Fisken går opp på land / Fisken tar med sæ vann /bær det i munn / Fisken lage sæ et land / og lage det av alt den kan».

Generelt skaper kombinasjonen av meir eller mindre manipulerte fotografi og kunstnarane i masker ei mørk, men fascinerande stemning. Teikningane i svart kvitt som viser umogelege kryssingar mellom dyr, menneske, busk eller buss (!) er absurde og fine, og bileta av mannfolk med nakne kvardagskroppar og diverse masker har alt frå humoristiske til desperate valørar.

Boka gir mykje å sjå på, mykje å more seg over, mykje å tenkje på. Dikta er liksom ikkje av den typen som siktar mot det vakre, men at dei er tematisk og språkleg komplekse, merkar ein straks ein skal prøve å seie noko oppsummerande og overgripande om tekstane. Det sikraste teiknet på kvalitet er likevel at boka får det til å boble i hovudet: Det blir så mykje å seie at ein knapt har begynt før det er på tide å avslutte.